

Informasjon til foreldre i skolen

Før skolane blei stengde i Noreg blei det ikkje registrert noko kjent smittespreiing blant born i barnehagar og barneskolar. Samanlikna med vaksne er få born identifisert som smitta i Noreg og verda elles. Born og unge har så langt vist seg å ha svært låg risiko for å få alvorleg sjukdom med koronavirus. Risikoen er lågare enn for andre luftvegssjukdomar, som til dømes influensa.

Det er trygt for born å gå på skolen

Skolane opnar no gradvis, og for å avgrense smitte har vi sett i gong fleire tiltak. I perioden framover er vi ekstra nøye med å trygge godt smittevern. Dette avheng av at vi alle gjer ein innsats og følgjer dei nye råda for smittevern. På skolen vil vi være spesielt opptekne av å:

- vaske hender og lære elevane gode rutinar for handvask
- ha godt reinhald
- vaske utstyr jamnleg, til dømes nettbrett
- vere ekstra mykje ute med elevane, også i vanlege skoletimar og SFO
- ha undervising og samlingar i mindre grupper
- halde god avstand til kvarandre

Vi skal framleis sørgje for at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Alle som jobbar på skolen, skal følgje med på at elevane har det bra.

Viss barnet ditt ikkje kjenner seg bra

Ikkje møt på skolen eller SFO viss barnet ditt har symptom på sjukdom, dette gjeld også milde symptom. Det er ekstra viktig at borna held seg heime i minst eitt døgn etter at dei har blitt symptomfrie. Viss nokon andre heime har luftvegssymptom eller fått påvist koronaviruset, skal de ikkje følgje borna til skolen.

Viss borna blir dårlege på skolen, tek vi kontakt med foreldra. Borna må hentast eller gå heim frå skolen så fort som mogleg.

Foreldre skal helst ikkje bli med inn på skolen

Vi prøver å ta imot borna ute og ønskjer at foreldre ikkje blir med inn på skolen eller i garderoben.

Handvask er like viktig heime som på skolen. Vask hendene før de kjem på skolen, og med ein gang de kjem heim.

Borna bør helst vere saman med få andre born på fritida og då gjerne leike ute.

Skoleskyss

Viss elevane tek skolebuss må de hugse å halde god avstand, både mens de ventar på bussen og i bussen. Det same gjeld viss elevane tek båt eller annan transport til skolen. Ein bør ikkje bruke skoleskyss og offentleg transport viss det er mogleg.